

Dialogforum om kultur- og idrettsanlegg

22.09.2011



Kva skal skje med Heio på lengre sikt? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Måndag 3. okt vert det skipa til nytt møte i Dialogforumet i Uskedalen Utvikling.
Tilskipinga er lagt opp i eit samarbeid mellom Dialogforumet og Arbeidsgruppa
for kultur, turisme og profilering**

Tema for kvelden er todelt:

Orientering om SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad v/ Åsmund Kåre Rørvik.
Dette er svært aktuelt då søknadsfristen til fondet er 10 oktober.
Rørvik vil sei litt om bakgrunnen for stiftinga, føremål, styringsrett,
kven som kan søkja midlar og kvar tiltak ein kan søkja på og
prosessen fram til ei tildeling.

Kultur- og anleggsituasjonen i Uskedalen blir tema 2

Her vil ha fokus på det å eiga og drifta eit kulturanlegg.
Mange lag slit med drifta. Bruken er i sterkt endring.
Det gjeld t.d. bruken av Friluftsplassen.
Nokre ynskjer ei forenkling og gjerne at kommunen tek eit
større ansvar i Uskedalen. Her vert det innleiring frå styret i
Idrettslaget og Aktivitetshuset. Andre lag må gjerne førebu innlegg.

Alle må sei litt om den situasjonen ein står i.
På møte vert det lagt fram ein oversikt over dei kulturanlegga
vi finn i bygda med eigar og driftsmodell.

Set av kvelden 3. okt. kl. 19 i Gamleskulen
Dette vert eit viktig møte for Uskedalen,
truleg ein start på
ein prosess fram mot ei betre løysing.

Kristian Olav Bringedal